



**Møtebok**  
**Fjordvegen Rute 13**  
**Styremøte 21.10.2019**  
**Stad: Quality Hotel Sogndal**  
**Klokka 09.30 – 14.00**

**Møtte:** Gerd Helen Bø, Sigbjørn Hauge, Arnstein Menes, Morten Midlang,

**Via link:** Irene Heng Lauvsnes, Roald Aga Haug (fram til lunsj)

**Forfall:** Arne Bergsvåg, Marthe Hammer.

**Sekretariatet:** Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø.

**Agenda**

Kl. 09.30 – 10.00	Presentasjon/informasjonsutveksling Sogndal kommune - Fjordvegen Rute 13
Kl. 10.00 – 10.45	Statens vegvesen, orientering v/Nils Magne Slinde. - Planer for utbetring Berget - Bjotveit - Status vedr. ny organisering for SVV Vestland
Kl. 10.45 – 11.30	Sakshandsaming
Kl. 11.30 – 12.15	Lunsj
Kl. 12.15 – 14.00	Sakshandsaming

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

**Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.**

**Orienteringar:**

**Sogndal kommune - Fjordvegen Rute 13 gjensidig informasjon.**

Påtroppande ordførar i Sogndal kommune og styremedlem i Fjordvegen Rute 13, Arnstein Menes møtte saman med kst. rådmann Odd Arve Rakstad og orienterte om nye Sogndal kommune sitt fokus på samferdsle og infrastruktur. Bakgrunnen for å leggja styremøtet til Sogndal er endringa av Rv13 sitt nordlege endepunkt som frå oktober 2019 vert Sogndal sentrum i kryss mot Rv5.

Sogndal kommune ser på den «nye» Rv13 mot Hella som ein svært viktig veg for den nye kommunen. Viktige moment:

- Viktigaste interne veg (arbeidsreiser, skulereiser) for den nye kommunen
- Hovedveg mot den nye fylkeshovudstaden
- Krav til utbetringar av vegen på siste strekkja mot Hella.
- Sterkt behov for oppgradert og driftssikkert ferjesamband Hella – Vangsnes, forskjell i sommar- og vinterruter med nattestenging er uholdbart
- Vintersikker veg over Vikafjellet

**Statens vegvesen v/Nils Magne Slinde**

Slinde orienterte om status for omorganisering av Statens vegvesen. Han orienterte særskilt om planar for prosjekt på Rv13 mellom Jøsendal og Sogndal som er strekkja Slinde har ansvaret for. Det er Olav Finne som har ansvaret for strekkja mellom Røldal og Stavanger. Slinde sin presentasjon er sendt ut til styremedlemmene.

**Sak 23/19 Meldingar**

Ingen meldingar var utsendt til møtet.

**Sak 24/19 Økonomi**

- Rekneskap pr. 2. tertial 2019
- Budsjet 2020

Rekneskap pr. 2 tertial var utsendt og vart kommentert. Hovudårsak til negativt resultat er ekstrakostnad pga ikkje belasta pensjonsforsikring for åra 2013 - 2017.

Utkast til budsjett 2020 vil verta sendt ut for godkjenning, eventuelt i telefonstyremøte viss behov.

**Vedtak:**

Styret tek økonomistatus til orientering.

**Sak 25/19 Årskonferansen 2020.**

- Avklaring av ny stad for arrangementet sidan Spa-hotell Velvære på Hjelmeland er konkurs.

Styret ønskjer å leggja årskonferansen til Stavanger sidan ein etter konkursen på Spa-hotell Velvære må endra planen om å halda konferansen på Hjelmeland.

Administrasjonen v/Hanne arbeider vidare med å innhenta tilbod frå aktuelle hotell i Stavanger-regionen.

Styret ønskjer at årskonferansen vert arrangert i veke 17 eller 18. Administrasjonen sjekkar andre viktige konferansedatoar slik at vi unngår kollisjonar. Det må også sjekkast om det er datoar som gjer det mogeleg å få med stortingsrepresentantar/statsråd. (Nytta tidspunkt då dei er i området i anna samanheng).

**Sak 26/19 Påverknadsarbeid mot NTP 2022-2033**

- Oppdatering i høve NTP-prosessen

Styret må prøva å få møteavtalar med stortingsrepresentantane for Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland ila 1. halvår 2020.

Styret vil at administrasjonen prioriterer informasjon til medlemskommunane ved orientering til dei ulike kommunestyra. Dette bør skje innan 1. kvartal 2020.

- Møter med sentrale aktørar i fylkeskommunane

Administrasjonen kontaktar begge dei aktuelle fylkeskommunane med sikte på å få møteavtale med fylkesordførar, fylkesvaraordførar og leiar av samferdsleutval for orientering om Fjordvegen Rute 13 og viktigheita av gode og samordna uttalar frå fylkeskommunane i samband med NTP 2022-2033.

**Sak 27/19 Status oppfølging av handlingsplan / tiltaksplan v/ Hanne Sundbø**

Punkt frå begge tiltaksplanar var gjennomgått:

- Endringar i fylka samt traseomlegging av Rv 13 i nord på [www.fjordvegen.no](http://www.fjordvegen.no) og neste nyheitsbrev. Styret vert oppfordra til å senda stoff til Hanne.
- Åtte nye medlemmer frå april, to går ut. Innspel på behov for fleire næringsmedlemmer i nord. Kontinuerleg arbeid saman med styremedlemma.
- Oppfølging av Nasjonal Rassikringsgruppe for fakta om endringar og deira arbeid framover.
- Revisjon av NTP og vår dokumentasjon av folketal og verdiskaping i Fjordveg-regionen: Jostein jobbar med dette.
- Rassikringsdokumentasjon: ny rapport frå SVV er venta seinare i haust.
- Travel like the Locals: sein igangsetting for sesongen 2019, men semje om

framhald i 2020. Variabel deltaking frå destinasjonane i Fjordveg-regionen.  
Sjekk turprogrammet på titl.no

**Sak 28/19 Vedtekter for Fjordvegen Rute 13.**

- Drøfting av mogelege endringar frå 01.01.2020 som følgje av kommune- og regionreforma.

Styret gjennomgjekk ordlyd i reviderte vedtekter i årsmøtet 2019.

Det er påkrevd med nokre endringar. Desse vil verta innarbeidd og lagt fram for årsmøtet 2020.

**Sak 29/19 Møteplan 2020 (i samband med opninga av Ryfast) + dato for siste styremøte 2019**

**2019:** Berre ved behov: Telefonstyremøte i desember

Styret planlegg slik møteplan for **1. halvår 2020:**

Februar 2020: Styremøte i samband opning av Ryfast (heile anlegget)

April 2020: Styremøte i samband med årsmøte/årskonferanse

Mai/juni 2020: Styremøte i Oslo i samband med møte med stortingspolitikarar.

**Sak 30/19 Fast Post:**

- Gjennomgang av status for Rv13.

Denne sak vert utsett til neste styremøte.

**Sak 31/19 Innmeldte saker/Ymse**

Ingen saker innmeldt.

Det var ingen ymse-saker teke opp under dette pkt.

Jostein Eitrheim  
Referent